



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 3, 62. ÅRGANG, 2023



PÅ KYRKJEVÆG

Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre.
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick,
Gunvor Hegge og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

Lay-out: designsaskia.no

Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

I dette nummeret er det spesielt fokus på Rogne sokn.
I neste nummer vil vi fokusere på Lidar sokn. Kom
gjerne med idéar til stoff.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer:
24. oktober 2023

Framside: Barnedåp ved Olavskjelda.
Foto: Gunvor Hegge



ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Tingvang, Bygdinvegen 1989,
2940 Heggenes

E-post: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

MERK NYE TELEFONNUMMER!

KYRKJEVERJE:	Ove Ekerbakke	481 40 309
SOKNEPrest/FJELLPREST:	Eli Vatn	991 29 976
PROST:	Carl Philip Weisser	915 55 504
SEKRETÆR:	Oddveig Holdal Weeg	916 38 300
KYRKJEGARDSARBEIDAR:	Jon Gunnar Solhaug	952 19 341
KYRKJEMUSIKAR:	Magne Olav Selland	934 19 294
TRUSOPPLÆRAR:	Marianne Straum	901 21 647

SOKNA VÅRE

HEGGE KIRKE VIPP: 515422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
Kyrkjeterar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Arnstein Alund

VOLBU KIRKE VIPP: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjeterar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Øystein Skattebu

LIDAR KIRKE VIPP: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjeterar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KIRKE VIPP: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjeterar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Eli Døvresødegård Skattebu



SOKNEPRESTEN HAR ORDET

Korleis vil vi at kyrkja i Øystre Slidre skal sjå ut?

Hausten er tid for å konsolidere stillinga og tenke framover; korleis vil vi satse i kyrkja sitt arbeid? Nye sokneråd står i startgropa, vi legg planar.

Eit av dei beste bileta på kyrkja i Øystre er kristneteppet! Eit skikkeleg folkekirkjesymbol. Både fordi folk sjølv eig kristneteppa sine, og brukar dei. Fordi teppet blir brukt ved dei store høgtidene når folk søker til kyrkje. Og folk søker verkeleg til kyrkje ved jul, dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Eit stort kull; 32 konfirmantar har nett starta på konfirmantåret sitt, mest alle 6-åringar kom for å hente bøker, brudepar er vigde, og mange har følgt sine på si siste reise. Gylne stunder på stølsmesse sit på netthinnen. Også ved store høve som Olsokmarkeringa i Slidre stilte over 300 menneske frå heile Valdres opp, og nokre gjekk heilt frå Etnedal og dit. Som prest vender eg ofte ansiktet mot ganske store forsamlingar!



Eg kjenner behov for å løfte dette fram. Især fordi presse og andre så ofte snakkar kyrkja ned og skapar eit feilaktig negativt bilde. Mitt inntrykk er at folk er trufaste og flinke til å støtte opp om kyrkja sine aktivitetar. Kyrkja, ikkje berre i Øystre Slidre, har i dei seinare år satsa mykje på born og unge. Ei naudsynt satsing då skulen ikkje lenger tek same ansvar for opplæringa i kristendom, og eit større ansvar kviler på foreldre og kyrkje. Ei lukkeleg satsing; mykje liv og røre i kyrkja. Framtid!

Korleis er det så med dei mindre fora? For dei av oss som kan kjenne behov for litt meir åndeleg påfyll? Mest kvar sundag er det gudsteneste i ei kyrkje i kommunen. I mi tid som sokneprest og fjellprest har vi hatt forskjellige samtal- og gruppeopplegg: «Den gode samtal», boka «Kristen tro oppdatert», «Bibelforteljingar ved peisen» og «Grønt håp». Rogne og Volbu sokneråd har også arrangert diakonisamlingar i kyrkestogo i Rogne. Pusterom samlar ein gong i månaden nokre av oss til stille bøn i Volbu kyrkje. Salmekveldar fyller Rogne kyrkestogo med song med jamne melomrom. Eg nemner desse aktivitetane no; då eg gjerne vil ha innspel på om vi skal sette i gang med slike aktivitetar. Kva er de interessante i, gode sambygdingar? Filosofiske samtalar, meir bibelkunnskap, tradisjonelle bibelgrupper, verdisamtalar? Gje lyd til meg på ev869@kyrkja.no eller 99129976 så ser vi kor vi skal satse.

- Eli



Hverdagsmirakel

AV: ELLEN ODDVEIG RUDI

«Når alle fuglene flyr gjennom mørket inne i meg og riper med kalde vingespisser i duggen på hjertet mitt; da vet jeg; hetere enn forsoning at all steinen i mitt liv, alt tungt som er lagt på meg det var til bare for at jeg bedre skulle kjenne disse pinefullt salige snert av ville vinger» (Hans Børli)

I dag opplevde jeg et mirakel. Et hverdagsmirakel. For i dag møtte jeg en fugl. En liten fugl, med røde, vakre fjær på brystet. Den kom helt nær, helt inn til ruta på bilen min da jeg kjørte i det duse morgengryet. I denne stunden, akkurat i disse minutene før natten helt gir slipp og den nye dagen forsiktig smyger seg inn mot sansene mine. Det var da jeg møtte den!

Den var så liten, så uendelig sårbar mot den store bilruten. Noe av det aller, aller minste. Mykt dun som varmet et lite, bankende hjerte. Det røde, lille brystet lyste mot meg i morgengryet. Blikkene våre møttes der, i et lite, hastig sekund. Store blanke øyne som møtte mine med en slik styrke og underlig kraft at jeg bare måtte stanse bilen, bruke noen minutter

PRESTEORDINASJON I VALDRES

Denne fine andakten fekk vi fra Ellen Oddveig Rudi frå Øystre Slidre som heilt sidan 2014 har arbeidd innan kyrkja i dei fleste prestegjelda i Valdres. Ho har hatt fleire roller både som kyrkjelydsdag, klokkar og diakon. I denne tida har ho take utdanning fyrst som diakon, men dei siste åra har ho utdanna seg til prest. Den 27. august vart ho ordinert av vår nye biskop i Hamar bispedømme i Hedalen Kyrkje her ho no er tilsett som sokneprest. På bildet ser vi Ellen saman med dei som deltok i ordinasjonsgudstenesta. På hennar venstre side ser vi Signe Elisabeth Kvåle, som er sokneprest i Sør Aurdal. Ho kjem også frå Øystre Slidre og vart i si tid innvigd som misjonær i Hegge kyrkje. Dette er to flotte representantar frå bygda vår.

Vi ynskjer Ellen lykke til i denne viktige tenesta!

- Ingrid M.

med de myke, små vingene sine. Vinger jeg trodde var sårbar, men som likevel har styrke til å bære denne fuglen så uendelig høyere enn meg. Som viste meg at det er jeg som blir så uendelig liten, midt i alt dette store. At det er jeg som er sårbar. Og da er det godt å finne trøst, det er godt å bli berørt av et håndtrykk fra noe hellig. Det er godt å finne ro.

Gud sender bønnesvar på mange ulike måter. Ofte annerledes enn det vi kanskje hadde tenkt. Jesus snakket om å be, om å ikke gi opp selv om svaret ikke kommer med en gang. Holde ut. Vi trenger å legge fra oss noe tungt iblant, legge det i hendene på noe som er større enn oss selv. Våge å tro på at sterke hender holder, slik at vi kan finne fred.

Gud lytter. Stille rekker Han hendene fram, og kjærlig bærer Han det vi greier å legge fra oss.

Jeg møtte en fugl, i dag. Og jeg møtte Gud.

Takk.



Dei som var med ved ordinasjonsgudstenesta. Foto: Arne G. Perlestensbakken

På sporet av Hellig Olav sin ferd gjennom Valdres 1023



Kryssing av flaumstor bekk ved Agnbrokk. Foto: Solveig Vatn Weisser

I sagn og saga er det fortalt om Hellig Olavs ferd gjennom Valdres for 1000 år siden. Vi var 18 pilegrimer som ville følge i hans fotspor. Så spennende hva vi ville finne og oppleve!

3 dager før Olsok startet vandringen. Med buss fra Slidre til Nord-Etnedal, ut i den våte, men rike naturen. Vi trodde ikke vi trengte pilegrimsstavene, men de var gode å ha, skulle det vise seg.

Opp over Goaren med flott utsyn over Etnedal der vi kom fra – mot vest dit vi skulle. Gode ord fra presten til vandringen videre.

Ned til Agnbrokk mot Kyrkjesletta på Dalen. Godt å ha staven når vi skulle krysse den våte marka der!

På Kyrkjesletta ble vi møtt med mat og forfriskninger fra soknerådet i Nord-Etnedal. En kort messe med spill på strykelyre, et svært gammelt instrument, salmesang til feletoner og nye ord fra presten.

Det fortelles at kong Olav fikk flytta gudshuset som sto der – til Skrautvål i nærheten av der kirka står nå.

Vi forlot denne vakre hellige plassen til lyden av ringingen fra en gammel, stor heste

bjelle, den var en samlende klang mange ganger under vandringen.

Det var langs denne veien folk fra Nord-Etnedal måtte gå for å komme til kirke i gamle dager, for gudstjenester, barnedåp og gravferd.

Dagens vandring endte på Nythun, med våte støvler og med gleden av et begynnende fellesskap med samvandrerne.

Vi fikk et herlig måltid, og vi fikk også høre om kristenretten, som ble vedtatt av kong Olav i 1024, der en kristen rettsordning ble innført. Dagen ble avsluttet med langelekspill før natten.

Dagen etter fulgte vi den gamle kyrkjevegen – der kong Olav og folka hans dro med gudshuset mot Skrautvål.

Det var en slitsom tur for kong Olavs folk. De ble tørste, og sagnet sier at Olav gjorde som Moses, han slo på marka, og en klar og rein kilde brøt fram. Denne kilden er der fortsatt, og kalles Olavskjelda.

Det var en stor opplevelse å komme til kilden denne dagen, for et lite dåpsfølge var møtt fram, og lille Olivia ble døpt der, kanskje som den eneste i historien

Sprø klemt fra bjella, felelåt til inngang, salmesang og barnedåp mellom myr og trær; en hellig formiddagsstund.



Jan Arne Sebuødegård ringer med klokka før barnedåpen. Foto: Gunvor Hegde

Etter messa fortalte lederen av Skrautvål historielag om rydding og merking av den gamle kyrkjevegen.

Ved Mellsenn-osen slo vi leir. Noen i telt, en i hengekøye og noen i hytte.

stølsvi, og god rast i hellinga mot varm sommersol. Godt med mat!

Vi hadde gått fra Etnedal, i Nord Aurdal, og fra dette stølslaget gikk vandringen videre mot Øystre Slidre.

Vi fikk et lite tilbakeblikk mot der vi kom fra. Både storheten i naturen, med utsyn over fjell, fjord og skog, og storheten i det lille, med rikdommene i blomster og andre vekster, sopp og bær, ga oss inntrykk til refleksjon i vandringens stille stunder. Vi fikk også noen ord i hånda hver av oss til å tenke over.

Så kom regnet. På vei mot Mellsenn åpnet himmelen seg, men ingen klage å høre. Har vi hatt sol, får vi også tåle regn, men bekkena vi krysset var nok mye større enn de pleier, (og det var før Hans kom!)

Vi har hørt om Frugevegen, en gammel veg mellom øst og vest, fra Mjøsa til Skattebu. Det heter at den gikk langs Mellsenn og nordvestover. Denne leia skulle vi følge denne dagen og neste.

Så gikk vandringen videre mot Grøslia. På sti, i myr, på



Utsyn mot Steinsetfjorden fra Agnbrokk. Foto: Gunvor Hegde

Men først var det deilige middag fra Vestoppland fengsel, med kaffe og kake til dessert. Godt å ha en tilrettelegger med transport av bagasje og mat!

Ved bålet i vannkanten før natten, fikk vi innblikk i stølslivet i gamle dager, og litt om «selskapsveien» og Skiferbruddets historie. Gunnar Eikren er en god forteller.

God frokost ute, med blikkstille vann, brødskiver og kaffe fra bålet. Presten hadde ord for dagen, og bjella ringte oss ut til stille vandring mot vest. Hvilke planter har Maria-navn? Marimjelle, Marikåpe og Maria gullsko, vi fant også den unnselige blomsten Olavsstake – et spor etter kongen også i floraen vår!

Vi gikk et stykke på den gamle selskapsveien, som gikk fra skiferbruddet ned Skrautvålsbygda til Fagernes – og plutselig sto vi ved den staselige direktørboligen – en stor kontrast til husene på

stølene vi hadde forlatt!

Her måtte vi raste!

Videre mot vest. I svingen ved Bergo, med flott utsyn over Volbufjorden møtte vi hjelperne med forfriskninger. Ivar Høyne, fortalte historien om kirka som har stått på Kyrkeberg. Tiden tillot ikke at vi fikk fått dit, men han fortalte hvor man tror kirka har stått.

Videre fra Frugevegen måtte vi til slutt gå ned og fikk asfalt under føttene. I



Slidredomen i sikte. Foto: Eli Vatn

Salme 799

Syng i stille morgenstunder, syng Gud Fader lov og ros!
Sjå, han gjer på ny det under: kalla fram or mørkret ljos!
Sjå, hans sol all skapning gyller, alt med liv og lovesong fyller,
sjå hans kjæleiks smil i sky, sjå kvar dag hans nåde ny!

Lær oss, Gud, kvar dag å telja, sjå, kor snøgt vår livsdag lid!
Lær oss livesens veg å velja medan det er enno tid!
Enn i dag du vil oss kalla, snart kan mørker på oss falla.
Lat oss, medan det er dag, fylge Andens nådedrag.

Gud, som skapte sol og stjerna, deg me syng vår takk og lov,
og at om oss du ville verna medan me i mørker sov!
Lys og lei oss, ljøsens Fader, til vår sol i gravi glader,
vekk oss så til morgen ny, dag med solskinn utan sky!



Eg trur at alle me som gjekk i nynorske skular på 1950, 60 og 70-talet kjenner denne salmen. Denne salmen vart flittig brukt til morgonsalme. Det var nok mest vanleg å syngre første verset, og etter salmen las me i kor: Fader vår! Skuledagen byrja alltid med ein salme og bøn og så var det Bibelsoge. Då eg byrja som lærar og i mange år framover var dette vanleg, i dag er det heilt ute, for ikkje å seie ulovleg, i alle fall med bøn.

Eg har alltid vore glad i salmane til Elias Blix. Han står som den fremste pioneren for nynorsk kyrkjespråk gjennom

- Martha Viken

prestegården ventet presten med forfriskninger, og vi fikk på nytt deilig mat fra Fengselskjøkkenet. Vi avsluttet med en fin stund i kirka. Bjella fulgte oss der også. Alle var trøtte, og det var godt med vanlige senger denne siste natta.

Veien over til Vestre Slidre fra Volbu er kjent fra gammalt – før det ble eget prestegjeld i Øystre, dro presten over for å holde gudstjeneste, og når presten falt fra, måtte enka dra over åsen til enkesetet på Løken.

Vår vandring Olsokdagen gikk mot Slidredomen. På vei over via Slidrestølene – måtte vi ut på Klokkargardsberget. Fantastisk utsikt over Vestre Slidre, og Slidredomen, vårt mål, midt i siktet. Veien ned var lett, og gleden var stor da vi kunne få gå i prosesjon inn til høgtidsgudsjenesten i Slidredomen. En velsignet stund, en eventyrlig opplevelse! Det var rart å si farvel etter 4 intense dager sammen. Takk for turen!

Stølsmesser

– Yddelie

16. juli Rogne sokn
tekst og foto: Rogne sokneråd

I år vart stølsmessa for Rogne sokn på Yddelie der Svein Erik Rogne held til på fellesstølen.

Datoen var sett: Messe, kyrkjekaffi – ta med stol. Altså var det duka for utesmesse. Det hadde regna nesten kvar dag i to veker. Då var det håp for opphold denne dagen! Dagen kom og det var regn i lufta. Det var nok best å halde messe innadørs i dag.

Med fyr i peisen og 34 personar som møtte, vart det ein fin formiddag i lag. Carl Phillip Weisser ynskte velkommen med eit dikt av Boye Skeie som passa særskilt godt til messa i fjellheimen. Emil Hagen Bergene, 8 år, opna med eit par låttar på to-rader. Bygda er heldig som har slike ressursar å ta av. Fengande rytmar for tilhøyrarar og spelemann som kosa seg blant publikum er eit godt samantreff.

Talen for dagen hadde eit ærleg, viktig og alvorsamt bodskap. Weisser minna oss om at vi alle har fleire sider ved oss sjølv. Om vi t.d. har gjort ein feil, kan det vera freistande å teie om dette.

Men dei er der i alle menneska – meir eller mindre. Det er noko som hører med i historia. Det kan vera ubehageleg å innrømme, også for oss sjølv, men iblant kan det også vera til trøyst for oss alle at ingen er feilfrie.

– Øystre Kjølastølen

23. juli Hegge sokn

tekst og foto: Anita Rudi

Stølsmesse på Øystre Kjølastølen på stølen til Gjerdalen (på Bakko). Trass i litt regn og ruskevær i nærleiken, såg vi sola og ingen vart blaute.

Siri Gjerdalen Oldre og Christopher Markrud døypte sonen Lucas, og over 70 personar møtte opp. Saft, kaffi og kaker vart servert på stølsvollen, med fin utsikt over Nørre og Sørre Kjølen.

Dåp på stølsmessa

Soknerådrepresentantar stod for traktering rundt borda medan regnskurene kom, den eine etter den andre.

FELLESSTØLEN

Interessant var det å høre om opphavet til fellesstølen. Ingrid Bredesen og Marit Robøle, som var på stølsmessa, vart oppfordra til å fortelje litt om starten. Det var dei to med mennene deira; Torbjørn Bredesen og Ola Robøle saman med Hanne og Erik Robøle, Berit og Ottar Bolstad som sette i gang med å arbeide opp jorder, beite og bjørke-ly for 50 mjølkekyr. Arbeidet med dette tok til sist på 1970-talet.

Mjøkstell vart først bygd. Borevatn kom på plass. Året etter vart sælet bygd. Det rommar to leilegheiter. Då desse gav seg med mjøkelyr selde dei sin andel vidare. I dag er det Svein Erik Rogne, Anne Stine Fjelltun og Knut Jørgen Rudi som har kvar sin andel.

Endå eit musikkinnslag fekk vi. Denne gongen var det Emil på to-rader og Carl Phillip på gitar som spelte saman. Dei kalla bandet sitt for «Stølsgutane» og håpar på fleire oppdrag etterkvart.

Takk til Weisser for ei god og innhaldsrik messe, til Emil for godt framførte låttar, til Svein Erik for å ta imot oss på stølen, til Marit og Ingrid som fortalte om oppstarten til stølen vi var på. Takk til frammøtte og for hyggeleg samvær på Yddelie. God haust til dykk alle!

Med helsing Rogne sokneråd.



Svein Erik Rogne ynskjer oss velkommen



Musikkinnlegg av Stølsgutane



Dåp på stølsmessa

– Nørre Trøllåsen

30. juli Volbu sokn

tekst og foto: Morten Haugseth

Sundag 30. juli vart det skipa til gudsteneste på Nørre Trøllåsen hjå Bjørg Kristin og Odd Ivar Opheim, som stølar med flott og mangfaldig buskap (kyr, grisar, høner og ein hane).



Bjørg Kristin Skogen Opheim fortel om stølslaget

Morten Haugseth ønska alle velkommen før Bjørg Kristin fortalte litt om stølslaget. Prest Eli heldt ei fin gudsteneste stødig akkompagnert av kyrkjemusikaren for dagen, prost Carl Philip, på gitar. Det var 45 oppmøtte med smått og stort - der dei minste sette stor pris på sandkassa, som var godt utstyrt for dagen. Sjølv med nokre mørkare skyer rundt omkring, var det opphald og vi kunne halde kyrkjekaffen utandørs.

Vi takkar igjen vertsskapet og alle som bidrog til ei flott oppleveling denne dagen.



Gamlesælet

– Ole
6. august Lidar sokn

tekst og foto: Sissel Dahle Lie



Gerd Brager og Inger Marit Viken ynskjer velkommen til stølsmesse i Lidar

Søndag 6. august var vi samla til stølsmesse i Ole, på stølen til Bjørn Brager og Anniken Eckhoff. Det var sur vind, men det var opphald heile dagen. Lite visste vi kva dei neste dagane skulle bringe.....

Det var sett opp telt som ga ly for vinden til heile kyrkjelyden, som denne dagen talte 60 personar.



Kaffi og ein hyggeleg prat

Fyrst spelte og song Elida Gudheim for oss. Ho formidla mellom anna «I Ole tjedn i Ole kinn» på langeleik og song. Det var ei flott innleiing før Gerd Brager og Inger Marit Viken ynskete alle velkomne og fortalte om stølslaget.

Prost Carl Phillip Weisser heldt ei messe prega av både humor og alvor. Magne Olav Selland spelte på hardingfele og munnharpe, Carl Phillip hadde med gitaren sin på eit par av salmane. Det var ei fin stund der vi sat tett saman i teltet.

Etterpå baud stølslaget og soknerådet på kyrkjekaffi. Vi kosa oss med kaffi, gode kaker og ikkje minst gode samtaler. Takk for laget.

Fyrste klasses. gudsteneste 2023

Søndag 27. august var det gudstenester i Rogne kyrkje og Lidar kyrkje, der årets fyrsteklassingar fekk utdelt «Mi kyrkjebok 6» av sokneråda. Vi ynskjer alle dei flotte borna lukke til på skulen!



LIDAR: Bak frå venstre: Eli Vatn, Tobias Rudi-Gran, Tobias Ekerbakke, Turi Hedalen, Lea Abelsen Nordtorp, Oskar Hegge-Hippe, Vinjar Robøle, Lene Skrebergene, Anna Helle Schlytter, Synne Rosén Martinsen, Andreas Fjellstad Lie
Foto: Marianne Straum

ROGNE: Frå venstre: Olav Nordsveen Myrvold, Tilja Bergene Klevar, Edith Rabben Lundby, Truls Edwin Godtlund Askstrand, Yakym Zholtikov. Bak står Eli Vatn. Ikke med på bilet: Iver Hegge Blomlie og Melaher Mahari, men dei var tilstades og fekk bok. Foto: Marianne Straum



TRUSOPPLÆRINGSABONNEMENT:

«Størst av alt» er kyrkja sitt program for trusopplæring. Gjennom faste, tidsavgrensa, alderstilpassa opplegg får barn og ungdom som er døypte tilbod om systematisk og samanhengande trusopplæring. Samlingane er prega av varierte arbeidsformer som til dømes song/musikk, leik, forteljing, dramatisering, utprøving/etterforsking, smågrupper og gudsteneste. Dersom foreldra til born som ikkje er døypte i Den norske kyrkja, ynskjer tilbod om trusopplæring, kan barnet registrerast på kirken.no/minside og vil då få invitasjon til tiltaka. På heimesida vår kyrkja.no/oystre-slidre kan du lese meir om dei ulike tiltaka. - Marianne Straum

NYTT BISPEDØMMERÅD

Det har ikkje vore berre val på nye sokneråd i haust. Noko fjernare for oss alle var valet på nytt bispedømmerråd. Det var ikkje mange av namna på listene som var kjende for oss då vi sto der og skulle stemme. Men då lista var klar, var det i alle fall eitt kjent ansikt for oss alle! Gratulerer med valet, Eli, og lykke til i arbeidet i bispedømmerrådet!

HER ER NAMNA PÅ VÅRT NYE BISPEDØMMERÅD:

Kjersti Drtina Øversveen, skolefaglig rådgiver, Elverum, f. 1965, Åpen folkekirke

Gunnstein Endal, pensjonert kirkeverge, Gjøvik, f. 1956, Nominasjonskomiteens liste

Sveinung Moesgaard Skjesol, prosjektleder, Gjøvik, f. 1970, Åpen folkekirke

Anne Kristine Rossebø, landbruksjef, Våler i Solør, f. 1962, Nominasjonskomiteens liste

Vanja Hole Joromo, student, Lesja, f. 2001, Åpen folkekirke

Filip Hovland, student, Hunndalen, f. 2000, Bønnelista

Adrian Sagvold Grøndahl, student, Gjøvik, f. 1998, Nominasjonskomiteens liste

Eli Vatn, sokneprest i Øystre Slidre, representant for prestene

Ole Jacob Dyrnes, kirkeverge i Gran, representant for de lek kirkelig.



Backstage like før framføring

Historisk spel, opning av kultursti og prestegardsjubileum

TEKST OG FOTO: ELI VATN



Volbu 17. juni 2023 var arena for store møte! Historie møtte notid, Odin og Tor kristendomen, prestegardssongar humler, høner og lydhørt publikum.

Vi starta ved stupulen ved kyrkja. Stupulen ligg på ein gravhaug, og her fekk 1000 år gamle vølbuingar liv i møte med Olav den heilage. Kari Onstad hadde skreve manus og hadde regien. Ho hadde samla sceneglade sambygdingar til å levendgjera dramaet om da Olav kom til Volbu. Her som elles i Valdres møtte Olav motstand; den gamle trua var best,

men med argumentasjon, list og makt fekk han vølbuingane til å gje seg over til den Kristne trua.

Carl Philip Weisser hadde rolla som skald/forteljar, Sigbjørn Lien som Olav. Torgeir Onstad og Svein Hegge sørga for teatermusikken. Vi andre inntok rollene som bygdefolk og Olavs soldatar.

Etter spelet sørga kultursjef Kari Onstad for den høgtidelege opninga av kultursti-en. Dei ca 70 frammøtte fekk ei omvisning i stien før vi enda opp i prestegarden til jubileumskaffi servert og ordna av Helselaget.

Prestegarden i Volbu vart sett opp av byggmeister Erik Eriksson Moe (han som bragte loverosa til Valdres og mellom anna også stod for bygginga av Hen-

såsen kyrkje). Ho vart bygd i perioden 1922-23/4 og siste del av dagen vart via 100 års jubileet for prestegarden. Geirr Lystrup har i samarbeid med prestegardens tidlegare eigar OVF gjeve ut ei plate med prestegardssongar. Til stor frys for dagens bebruar: undertekna og Carl Philip, tidlegare prestegardsbebruar og 50-60 andre frammøtte song han om prestegardsliv, humlene som suste og hønene som la egg.

Regnet held seg borte til konserten var over, og vi verkeleg kunne puste ut etter ein livleg og morosam dag i Volbu.

Takk til oss alle for veldig hyggeleg samarbeid mellom Sparebankstiftelsen, Volbu grendelag, Volbu sokneråd og kulturetaten ved Kari Onstad.



Soldatane er klare



Geirr Lystrup syng for humler, høner og folk

Kyrkjeklokken ved Rogne kyrkje

TEKST: Martha Viken FOTO: Svein Hegge

"Høyr kor kyrkjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang, alle folk og alle flokkar til ein hugsam kyrkjegang!" seier Anders Hovden. Kyrkjeklokkena kallar til høgtid og fest, til sorg og glede og til gudstenester kvar sundag i bygd og by over heile landet.

Rogne kyrkje vart offisielt innvia i 1857 og ein del av inventaret er frå tidlegare kyrkjebygg, mellom anna ei altartavle og kyrkjeklokkena i stupulen. Korskyrkja på garden Rogne hadde to små klokker i tårnet. Kyrkja var betalt av "en fattig almue uden nogen Hjelp". Denne kyrkja har truleg stått der våninghuset på Kyrkjeberg står i dag.

I stupulen i Rogne heng det i dag to klokker. Den eine klokka er støypt om. Truleg er det dei to små klokkena som er nemnt i 1676 som Knut Andreas Sundt støypte om. Største klokka i tårnet er støypt av O.Olsen og Sønn klokkestøyper i Tønsberg i 1950. Klokka har denne innskrifta: "Ring klokke ring fred over bygdi vaar ned. Gjevne av Rogne kyrkjelyd". Den minste klokka er



Største klokka i tårnet. Støypt av O. Olsen og Sønn klokkestøyper i Tønsberg i 1950.



Den minste klokka i tårnet. Denne klokka er også støypt av O. Olsen og sønn i 1950.

I heftet om Rogne kyrkje som vart gjeve ut i 1982 står det fylgjande: "Ola K. Rudibråten, Bendikssonplassen me kalla, fødd i 1856, fortel at han var den siste som vart døypt i gamlekyrkja på Kyrkjeberg. Han fortel også om dei gamle klokkena at dei vart støypte om att i 1847 til to nye, og då med tilsetjing av nytt metall med meir. Støypinga gjekk føre seg på Rogne gard av Klukkestøyper Knud Andreas Sundt, men Rogneklokkena fekk ikkje den rette klangen. Støyparen gret av harme då han høyrde den därlege klangen, ja det var til og med dei som kalla dei nystøypte klukkene for "Bjølludn" .

Då eg leitte etter informasjon på Google: www.kyrkjeklokker.no/rogne-kyrkje, kom eg over ein video med "Klokkeringing i Rogne kyrkje, der Helge Nilssen Øystre Slidre ringer tårnklokkena". Det var med glede, men og med sorg og vemod eg såg og lytta til ringinga. Helge gjekk bort så altfor tidleg og ligg i dag på Rogne kyrkjegard. Er de interesserte så gå inn og hør - det er mektig og flott!




Minste klokka i stupulen.
Også denne er støypt av Knud Andreas Sundt.

Gullkonfirmantar 2023

Fremst frå venstre: Ingrid Bjørg (Bolstadbråten) Hovi, Sigrid Anne Stør-dal, Gunhild Marie Røyne, Solveig Karin (Rogne) Enger, Eli Vatn. I midten: Gunvor Reinlie Swiboda, Sissel Rogne, Grethe Klevebråten, Ingrid Bjørg (Skrebergene) Hermundstad. Bak frå venstre: Oddvar Vingdal, Kristen Haugen, Tor Erik Grønolen, Lars Kristian Skattebu, Kjetil Sebu, Arve Enger, Oddvar Kristen Lie.

Foto: Liv Astrid Reinlie



KYRKJELEGE HANDLINGAR JUNI - SEPTEMBER 2023

GRAVFERD

ROGNE KYRKJE

Edvin Magne
Melbybråten
Målfrid Rogne-Renna
Irene Nielsen
Gunn Irene Rogne
Jostein Schlytter

Arne Georg Haugen
Sigrid Roland
Magne Hovi

HEGGE KYRKJE

Lars Klepzig
Knut Røine
Tordis Lien Grøtberg
LIDAR KYRKJE
Leif Andresen
Borghild Marie Bergo
Alfred Nysveen

VIGSEL

LYSKAPELLET

Marielle Falkenberg Udahl og Mikkel Karlsen
Maren Hansen Rakstad og Martin Gunderhuset
Bjørg Hovi og Tord Erling Tvene

HEGGE KYRKJE

Kjersti Haugland og Nils Kristian Knudsen
Anita Rødningen og Stig Svenstad
Lillian Robøle og Oddvar Presthegge

LIDAR KYRKJE

Hilde Røe og Bjørnar Lykken
Marie Bjørneseth og Trond Mørstad Storrusten
Louise Risholm Bauer-Nilsen og Lars Erik Tiset
Skraastad
Henriette Wiken Lund og Magnus Bergersen
Lystad

ROGNE KYRKJE

Viktoria Hagene og Nils Kristian Bergli
Miriann Bergheim Quezada og Ole André Bolstadbråten
Hanne Abel Hellvik og Henrik Meisdalshagen

VOLBU KYRKJE

Anne Jørgensen og Vidar Haugene

Nytt gjerde rundt kyrkjegarden i Volbu

Ei soknerådsperiode er snart over. Mykje bra er gjort rundt omkring av sitjande sokneråd: konserter haldne, ungar, vaksne, eldre, tekne hand om i kjære kyrkjer. Eitt og anna dugnadsprosjekt er og ordna; her Volbu sokneråd i kunnig oppsett av nytt gjerde ved Volbu kyrkje!

- Eli Vatn



VELKOMEN TIL KYRKJE!

Oktober

- 01 10 2023
Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgmesse og dåp ved sokneprest Eli Vatn
- 15 10 2023
Lyskapellet kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn
- 22 10 2023
Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med dåp ved sokneprest Eli Vatn
- 29 10 2023
Volbu kl. 11.00
Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser

November

- 05 11 2023
Hegge stavkyrkje kl. 19.30
Helgemesse ved sokneprest Eli Vatn
- 12 11 2023
Lidar kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved prost Carl Philip Weisser
- 12 11 2023
Volbu kyrkje kl. 19.30
Songgudsteneste ved prost Carl Philip Weisser
- 26 11 2023
Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

www.skjerikirken.no
Dette er ei felles infoside om alt som skjer i kyrkja.

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK.
[/Kyrkj-i-Øystre-Slidre](#)
Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.

Desember

- 03 12 2023
Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser
- 17 12 2023
Hegge stavkyrkje kl. 19.30
Vi syng jula inn ved sokneprest Eli Vatn og konfirmantane
- 20 12 2023
Skulegudstenester ved sokneprest Eli Vatn
Lidar kyrkje kl. 08.30
Rogne kyrkje kl. 10.00
Volbu kyrkje kl. 11.30
- 24 12 2023
Lidar kyrkje kl. 13.00
Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn
- 24 12 2023
Rogne kyrkje kl. 14.30
Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn
- 24 12 2023
Hegge kyrkje kl. 16.00
Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

Babysong

7. november, 21. november og 5. desember i Rogne kyrkestogo kl. 11-13
Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering.

Salmekveld

Salmekveldar i Rogne kyrkestogo kl. 19.00

Pusterom

Open kyrje i Volbu frå kl. 18.00. Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30
Dataar for salmekveldar og pusterom blir kunngjort i gudstenestelista i avis Valdres, heimesida og Facebook-sida til kyrkja.

Konsertar

Tidspunkt blir annonsert på heimesida og Facebook-sida til kyrkja.

- 07 12 2023
Lidar kyrkje
Julekonsert med Valdres Kammerkor
- 10 12 2023
Lidar kyrkje kl. 18.30
Jul med Valdresmål og meinig med Gaute Lein, Ørnulf Dyve, Kasper Dyve og Lars Jemterud
- 12 12 2023
Hegge kyrkje
Juleforestilling med Kulturskulen
- 13 12 2023
Lidar kyrkje
Juleforestilling med Kulturskulen
- 14 12 2023
Rogne kyrkje kl. 18.30
Jul med Valdresmål og meinig med Gaute Lein, Ørnulf Dyve, Kasper Dyve og Lars Jemterud
- 20 12 2023
Rogne kyrkje
Julekonsert Øystre Slidre Sanglag

Helgemesse 5. november

Dette er den sundagen i kyrkjeåret vi på ein særskild måte minnast dei i kyrkjelydane som har døydd frå oss det siste året.

Vi les opp namna og tenner ljos, og mange nyttar dagen til ein tur på kyrkjegarden.

Men messa er ikkje berre for dei som ber på sorg og sakn, sundagen er også til minne om «dei heilage» helgenane. Difor er sundagens farge den kvite festfargen og ikkje den fiolette sørgefargen. Det er sundagen der vona om himmelen får stor plass, både i salmar og tekstlesingar.

Sjølv om dei pårørande til dei som har gått bort får særskild invitasjon i posten, er messa for alle.

Messa er for heile Øystre Slidre i Hegge kyrkje 5. november kl. 19.30.